


Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 3 2018 43. årgang



«Pilegrimar» på vandring til Nidaros



Andakten i dette bladet er eit dikt.
14.-16. september var det Kvinnehelg på leirstaden Søvassli. Til denne leiren skreiv Annbjørg Helland Sævareid eit dikt som vi gjengir her.

TROVERDIG LIV

Bak enhver perfekt fasade
er det ofte sår som blør.
Om du virker sterk og modig,
kan din styrke være skjør.
Du har dine skjulte kamper,
- kors som bøyjer deg i kne.
Tap du ikke vil erkjenne,
gir deg aldri hjertefred.

Du har bedt og grått og lengtet.
Du har kjempet med et savn.

Som en båt i drift på havet
har du speidet etter havn.
Gjennom angst og våkenetter
ble din bønn et ordløst skrik.
En protest imot din skaper
som lot dette ende slik.

Vil du tale sant om livet,
- la det speiles slik det er?
Være ærlig om det knuste,
slik du har det nå og her?
Et troverdig liv kan åpne mange
dører som er stengt.
Lar deg finne skjulte skatter
der du aldri hadde tenkt.

Selv når ikke troen holder,
er det en som bærer deg.

Tett inntil sitt varme hjerte
vil han verne deg hos seg.
I det håpet du har mistet,
ser han veien du skal gå.
Skjult for deg, men han har svaret.
Du skal slippe å forstå

Annbjørg Helland Sævareid

Salme 10, 1

Hvorfor står du så langt borte, Herre?
Hvorfor skjuler du ditt åsyn i trengselstider?

Job 35, 14

Også når du sier at du ikke ser ham, så ser
han nok din sak og du må bie på ham.

Song- og salmekveld i Aure kyrkje

Torsdag 18.10.2018 kl. 19.00, arrangerer kyrkjemusikalsk utval song- og salmekveld i Aure kyrkje.

Temaet er «Vandring» og utøvarane er Brødrene Gjerde, Alexey Kurbanov med flere.


Det blir også lagt opp til fleire fellessongar.



Førjulskonsert i Aure kyrkje

Som ein tradisjon vil Aure songlag ilag med fleire, arrangere førjulskonsert i Aure kyrkje også i år.

Konserten blir søndag 16. desember kl. 15.00.



Jul, jul, strålende jul!

Med røtter fra Skarsøya er det helt naturlig at Kari Ulfnes Kleiven tar med julekonserten sin til Nordmøre og Aure kirke. Sammen med pianist Halldis Flakne inviterer hun til en stemningsfull konsert med folketoner, klassiske sanger og noen nyere perler som hører jula til. Velkommen til et lite musikalsk pusserom i den hektiske førjulstida! Medvirkende: Kari Ulfnes Kleiven, sang og Halldis Flakne, piano Konsertstart kl 19.00. Dørene åpnes kl 18.30 Billetter kjøpes på www.ticketco.no eller ved inngangen.

Vi arrangerer

- * Barned p
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamv r
- * Catering



Tlf 716 46 238

Gi gaver med Vipps

Aure sokn: 119778

Stemshaug sokn: 119784

Tustna sokn: 119785

Min salme

Av Kristian Birkelund

På utfordring om å presentere en "min salme" her i menighetsbladet vil jeg velge en salme jeg lærte allerede i barneskolen.

Det var en vanlig lekse å kunne lære utenat et eller annet salmevers i blant. Gjerne flere. Vi elevene fikk endatil hver vår helt splitter nye Landstad salmebok. Det var stas med nye bøker. Jeg minnes de duftet så godt og var så forsegjort fine.

Vi hadde enda ikke for mye og overflod av alt. Men desto mer verdifullt opplevde vi det vi hadde og fikk lære om.

Atmosfæren i klasserommet glemmer jeg aldri. Sangtimene ikke minst. Og så var det hjemmeleksene da. Jeg mener vi ikke tok skade av det vi måtte pugge. Tvert imot var dette god "gymnastikk" for hjernen. Og gyldne anledninger til å lære seg å tenke igjennom noe utover de nære dagligdagse ting. Ikke noe kunne måle seg med den storheten og gleden en salme kunne virke. Det skapte tanker som ledet til takknemlighet og gav en indre trygghet.

Grunn til glede og lovsang fikk vi lære den gang. Og faktisk blir ikke dette mindre etter som årene blir mange. (Sender med foto av meg som jeg ca så ut i denne nevnte skoletiden på Leira skole fra rundt 1960 og utover.)

Og salmen fremfor noen i mitt minne fra barneskolen er:

Hellig, Hellig, Hellig

(tekst Reginald Heber 1826)



Hellig, hellig, hellig!
Herre Gud allmektig
dag for dag vår lovsang
skal stige opp til deg
Hellig, hellig, hellig! Nådefull og prektig,
Fader, Sønn og Ånd, all ære være deg

Hellig, hellig, hellig! Synger helgenskarer,
kaster sine kroner for dine føtter ned
Englehærers jubel oppad mot deg farer,
du som var er og evig bliver det

Hellig, hellig, hellig! Lyset er ditt rike
intet urent øye kan se din herlighet
Ene du er hellig, ingen er din like,
full av makt og renhet og av kjærlighet

Hellig, hellig, hellig! Herre Gud allmektig
jord og hav og himmel, se alt skalprise deg!
Hellig, hellig, hellig! Nådefull og prektig,
Fader, Sønn og Ånd, all ære være deg

Julemesse på Aure misjonshus laurdag 17. november

- Kl. 11.00 Dørene til julemassa åpner, åresal
- Kl. 12.00 Familiemøte v/ Liv Anne Innerdal, Ørneklubben synger
- Kl. 13.30 Sal av rømmegrøt, pølse/brød el. stappe, kaffe og kaker, åresal
- Kl. 16.00 Avslutningsmøte. Liv Anne og Asbjørn Innerdal fortel frå jubileumsturen til Madagaskar, Aure Misjonskor synger Hovudtrekning.

Alle er velkomne!

NB! Gevinstar kan meldast til Ragnhild Finset (tlf. 97587123) eller Anny Marie Orten (tlf. 41664748) og helst så snart som råd!

Mvh Misjonsselskapet i Aure



Vandring i sol og regn



Konfirmantweekenden vart også i år gjennomført som pilegrimsvandring frå Skaun til Nidarosdomen, med kveldssamlingar, overnatting og base i Melhus bedehus, frå fredag kveld.

Laurdagen gjekk vi den gamle pilegrimsleia frå Skaun-kyrkja. Ola Skauge gav oss først eit spanande historisk riss over kyrkja og over Husabygarden. Regnet ausa ned frå vi tok laus frå Husaby til vi kom inn på stigen i skogen, men ingen klaga på det. Og regnet gav seg etter kvart.

Gjennom skogen fram til Buvika var sola framme og stemninga på topp, og derifrå var det buss til Øysand, der vi uventa fekk sjå ei rad spektakulære fallskjermhopp, før vi gjekk sisteetappen fram til elveosen av Gaula. Undervegs var det pausar der vi delte likninga frå Bibelen om sonen som kom heimatt til far sin. Slik alle som vil kome heimatt til Gud, blir tekne imot med opne armar.

Søndagen gjekk vi frå Sverresborg via den gamle Feginsbrekka (der pilegrimane i gamle dagar fekk det første glimtet av Nidarosdomen) og til domen der vi tok del i høgmessa og fekk ein guida gjennomgang over kyrkja si historie. Og etterpå var det bowling, pizza og gocart før bussen vart fylt opp for heimtur med trøytte og fornøgde deltakarar, både ungdommane sjølve og vaksne som hjelpte til. Takk til alle som var med!

Tekst: Asbjørn Barlaup Foto: Ingrid Aukan og Asbjørn Barlaup





Korleis oppsummerer dei vaksne denne helga?

Günther:

Trøytt, men fornøgd etter ei vellukka helg.

Kristin:

Konfirmantane var kjempeflinke og positive.

Marit:

Det vart ei kjempefin helg som det var ei glede å vere med i.

Og kva seier konfirmantane sjølve?

Jon Olav:

Nesten alt var bra. Eg trudde det kom til å bli litt drygt, men det vart det faktisk ikkje. Det vart ei veldig bra helg.

Sara:

Artig å gå vandringa og vere saman med Birgit.

Anders:

Kjempebra, men eg hadde nye sko som ikkje var inngått.

Mali:

Alt var artig. Men vi var trøytte om kveldane.

Korleis var besøket i domkyrkja?

Maren og Yohana:

Flott, men vi fekk ikkje opp i kyrkjetårnet.

Nora T:

Eg fekk kjempelyst til å spele kyrkjeorgel.

Kva var det beste med helga?

Marius:

Turen, men alt var fabelaktig.

Lina:

Vandringa gjennom fint landskap.

Amund:

Kveldane var veldig fine.

Jonas:

Leikane var veldig artige.

Daniel:

Turen og gocart.

Anna:

Korssamlinga om kveldane var best, og gocart.

Ein engasjert kar

Det er ingen tvil om at det er ein engasjert mann vi møter i dagens kaffeprat. I det vi møter Arne Mastad heime i Hjortåsen i Aure, er han i full gang med å koke brunost og lage gomme. Det er nemleg eit prosjekt klassen han underviser i held på med. Korleis resultatet av ostekokinga blir, er han svært usikker på.

Arne Mastad har budd i Aure sidan 1978. I løpet av desse åra har han m.a. vore primus motor for skolelag og barnelag, og i tillegg har han hatt ansvar for dette bladet i mange år. Mange har nok hørt han syngje og spele gitar, åleine eller saman med familielikoret som var før.

Dei fyrste åra i livet budde han på Fjellværsoya, utom Hitra. Som femåring flytta han med familien sin til Fannrem i Orkdal, og der hadde han barne- og ungdomstida si.

- Eg vaks opp med kort veg til fotballbanen, så somrane var det fotball og om vinteren var det ski. I tillegg likte eg å studere fuglar, leite reir og plukke egg, det var jo lovleg i den tida, seier Arne Mastad.

Ski og fotball verkar framleis til å vere interesser for Arne. No er det mellom anna Liverpool FC og Rosenborg som er i fokus.

Etter vidaregåande skole på Follo i Orkdal, gjekk ferda vidare til lærarskolen i Levanger. Som nyutdanna i 1978 dukka

det opp arbeid på Skar skole på Skardsøya. Innan den tid hadde han gifta seg med Marit Mastad. Saman vart dei aur-gjeldingar.

- Vi hadde gått på Follo i lag med ein viss Asbjørn Barlaup, og i følgje han var Aure den finaste plassen i verda. Likevel var det nok ikkje det som var grunnen til at vi hamna her, ler Arne. -Vi hadde ikkje lært noko om å arbeide på fådeltskole i utdanninga, men det var ei fin tid, og det var lett å bli kjent med folk på Skarsøya, hugsar Arne.

Til jul i 1980 kunne dei flytte inn i nybygd hus i Hjortåsen i Aure sentrum, og sidan den tid har det vore heimen. I 1986 bytta Arne arbeidsplass og starta ved Aure barne- og ungdomsskole.

I 1977 hadde Bjørn Sigbjørnsen starta skolelag i Aure. Arne starta med å kjøre ungdommar frå Skar til skolelagsmøta på Aure sentrum. Frå 1979 vart han med aktivt som leiar. Etterkvart vart han den faste vaksne, men hadde heile tida med seg minst ein voksen til. Då var det lagsmøte annakvar måndag kveld i 30 år, til våren 2008.

- Eg var sjølv med i barneforeining og guteforeining, og synes det var veldig verdifullt. Her i Aure hadde vi barneforein-



Arne lagar brunost og gomme.

ing heime i stua ein periode da våre born var i den alderen.

På realskolen og gymnas hadde skolelaget veldig stor betydning for meg. Det var ei tid med eit blomstrande og stort kristent ungdomsmiljø, og vi var kring 40 ungdommar i skolelaget. Det var på denne tida det var ei Jesusvekking over heile landet. Under studietida i Levanger var eg med i studentlaget, så eg hadde interesse for skolelaget då eg kom hit, fortel Arne Mastad.

Det vil nok vere mange av lesarane av dette bladet som har minner frå skolelaget i Aure. I store periodar var kring 20 prosent av elevane på ungdomsskolen med på samlingane.

- Ein viktig tanke i skolelaget var òg å drive leiartrening. Ungdomane hadde styre og fekk medansvar. Nokre fekk òg dra på leiarsskole i sommarferien, seier Arne.

Han har tatt vare på protokollane frå styremøter og arrangement, med både referat og bilet. Der ser vi at populære arrangement var «Open House» der ungdomane vart invitert inn i heimane til folk, spelekeldar, overnatting på misjonshuset med aktivitetar i gymsalen eller svømmehallen om natta, og ikkje minst julefesten. Arne kan minnast at den var nøy planlagt, og med Marit Mastad som fast grautkokar.

- Det var ei god tid for å drive kristent ungdomsarbeid. Det var ikkje så mange konkurrentar innan fritidstilbod då som no. Eg trur òg heimane likte tilbodet og syntes det var eit trygt tilbod. For min del har eg



Volleyballkveldane er populære, 1994

Mange gode minner.

alltid følt at dette har vore eit viktig arbeid i Guds rike. Det har vore eit godt barnearbeid rundt om i kommunen. Eg hadde lyst til å gje eit tilbod til dei litt eldre. Difor prioriterte eg dette engasjementet, med god støtte heimanfrå, fortel Arne Mastad.

Arne starta i skolelaget lenge før eigne barn starta, og heldt på lenge etter at eigne barn var for store. Likevel synes han at han har fått veldig mykje tilbake.

- Kanskje vi kan kalte det Guds velsigning, det har vore godt å vere ein del av eit stort lag, ein brikke i eit stort oppdrag, seier Arne. Eg har sett på kvar enkelt som viktig og ikkje vore så opptatt av kor mange som

kjem, det har nemleg variert stort.


- Dei siste åra har eg ikkje engasjert meg i barne- og ungdomsarbeid. Eg har vore rundt og sunge ein del m.a på institusjonane våre, men elles har det vore gamle foreldre, barn og barnebarn vi har hatt ynskje om å følgje, fortel ein stolt bestefar.

Og korleis er det å vere bestefar?

- Det er brukt mange klisjar om det å vere besteforeldre, og dei stemmer alle! Både Marit og eg synes det er stort å få vere besteforeldre, slår Arne Mastad fast.


Tekst: Jan Ove Krutvik.

Foto: Jan Ove Krutvik og skolelagets arkiv



Kristian Husby, Lars Bjørnholm, Runar Jafjord, Thomas Bj. Holm, Andreas Gjerde, Annbjørg Husby.





Trusopplæring

Tweens

Denne hausten har det starta opp eit nytt tilbod til dei som går i 5. – 7. klasse. Ein fredag i månaden er det Tweens på Aure Misjonshus. På føre Tweens kom det 30 stk. Namnet Tweens kjem av det engelske ordet between som betyr mellom. Tilboden er for dei som er i alderen mellom å vere barn og ungdom. På Tweens er det tid til leik, brettspel, bordtennis, forball-spel, det er sal av mat og det er andakt.

Samlingane er frå klokka 19 til 21, og er sjølvsgått opent for alle som er i rett alder. Faste leiatar for Tweens er Elisabeth Finset, Hans Olav og Jan Ove Krutvik.

Det står to Tweens att på programmet i år, 26. oktober og 30. november.



Hallovenn

Et positivt alternativ til Halloween! Tema: Gode venner!

Motto: "Det du vil at andre skal gjøre mot deg,
det skal du gjøre mot dem!"

Onsdag 31. oktober kl. 17:30 - 19:30

AURE ARENA OG NORDVANG GRENDAHUS
FOR ALLE BARN T.O.M. 9. KLASSE
FØRSKOLEBARN I FØLGE MED VOKSNE

- Pris: Barn: kr 100
- Voksne gratis - Matsalg

Billetten dekker mat/drikke + godteri og aktiviteter

Kjempeparty
med karneval. Vi kler oss
med hyggelige og morsomme
masker og drakter!

Masse
aktiviteter og godteri!
Dette blir gøy!



Jonny Cash konsert i Gullstein kirke

De gjentok suksessen fra 2016 og kom til Gullstein kirke 7. september og presenterte musikken fra legenden Jonny Cash og den sterke historien om livet til den store artisten.

Frode Bredeli Aarsbog fortalte og sang. Frode ble backet opp av Arnfinn Tørriksen på gitar og Pål Kristiansen på kontrabass.

Det ble et vellykket arrangement med god stemning. Det ble over 90 solgte billetter, og utøverne var veldig godt fornøgde.

Foto: Mona Kristiansen



4-årsbok

I november blir det utdeling av 4-årsboka «Mi kyrkjebok». Dette skjer i samband med ei familiegudsteneste i den kyrkja barnet soknar til. Alle som er fødd i 2014 er spesielt invitert til å vere med på denne guds-tentesta. Da får dei kome fram under gudstenesta og ta i mot boka som kyrk-jelyden vil dele ut.

Aure kyrkje:

11. november kl. 11.00

Stemshaug kyrkje:

18. november kl. 11.00


Gullstein kirke:

18. november kl. 16.00

Det vil også vere ei samling i kyrkja same veke som gudstenesta, der fireåringane får bli kjent med kvarandre, boka og kyrkja.

Invitasjon blir sendt i posten.

Marte Torsetnes



Konfirmantopplegget 2018/2019

Vi starta semesteret med 34 påmeldte konfirmantar som deltok på den tradisjonelle pilegrimsturen mellom Skaun og Trondheim. Dette var ein vellykka tur med mange gode og positive opplevingar. I etterkant av dette er konfirmantane presenterte i alle tre sokna.

Det som har vore usikkert fram til no, er undervisninga av konfirmantane fram til konfirmasjonen. I år er det ikkje soknepresten som skal gjennomføre undervisninga. Det er prosten som er ansvarleg for dette, og har ilag med oss jobba hardt for å få tilsett konfirmantlærar. Sjølv om ikkje alle brikker i undervisninga er på plass enda, ser det ut til at undervisninga i år stort sett blir helgesamlingar. Vi vil arbeide for at desse samlingane så langt det er råd ikkje skal kollidere med kultur- og idrettsarrangement og vidare og andre aktivitetar konfirmantane deltek på. Det er enda usikkert når undervisninga vil starte opp, så vi vil lokalt prøve å arrangere nokre samlinger med filmframvising og andre aktivitetar utover hausten.

Det er ein teologistudent frå Frei som har sagt ja til å ta denne jobben. Ho har erfaring frå fleire år med konfirmantarbeid i Kristiansund. Vi er veldig glad for at dette no ser ut til å vere på plass.

Kyrkjeverja

Ny medarbeidar

Frå 1. september har Karen Elisa Norheim vore i arbeid på kyrkjekontoret. Ho er tilsett som sekretær/kyrkjelydsarbeidar i 38% stilling.

Karen Elisa har ansvar for sakshandsaming og sekretær for sokneråda og diaconiutvalet.

Frå tidlegare erfaringar med arbeid innanfor kyrkja, har Karen Elisa sete i Stemshaug sokneråd, også ei tid som leiar. I siste periode har ho sete som medlem i diaconiutvalet.

Karen Elisa er opphavelig frå Vesterålen, men har budd på Rognan på Skardsøya i 35 år. Ho jobbar fast i deltidstilling på Servicekontoret i Aure Kommune, som Sakshandsamar og Utvalssekreter. Og ho gleder seg til å ta fatt på nye oppgåver på Kyrkjekontoret.

Vi ønskjer Karen Elisa velkomen inn i staben!



Klassisk konsert i Aure kyrkje

Fredag 27. juli ble det arrangert klassisk konsert i Aure kyrkje. Mali Wessel som hausten 2017 starta på en bacholer i utøvande klassisk song ved Universitetet i Agder (UiA), framførte klassiske perler ilag med Marthe Rønningbakk som er ny rektor ved Aure kulturskole. Dei vart akkompagnert av Målfrid Rønningbakk på piano og Alexey Kurbanov på orgel. Nora Raanes og Sara Ås som er elever ved Aure kulturskule, framførte kvart sitt pianostykke

Det var mange som hadde funne vegen til Aure kyrkje denne kvelden. Og det viser seg at publikum veit å setje pris på musikk med kvalitet!

Utøvarane var godt fornøgd med frammøte!

Redaksjonen

Foto: Silje Wessel



Mali Wessel og Marthe Rønningbakk.

NYTTIGE NETTADRESSER OG ANDRE TING:

No er det lenge sidan eg minte om nyttige nettadresser, og somme av dei gamle er no borte, men dei som her er lista opp, skal fungere:

For barn:

superblink.no

barnasklubb.no

For ungdom:

iTro.no

konfirmantonline.no

For foreldre, besteforeldre og fadrar:

[fom.no \(Familie&Medier\)](http://fom.no)

barnevakten.no

I tillegg til desse nettsidene vil eg anbefale to appar som er fine å ha på telefon eller iPad. Den eine heiter «Takk for i dag» og er eit

godnattspel for barn 2-5 år. Det er Skrifthuset som har laga denne appen, og miljøet i appen er henta frå 4-årsboka «*Linda og den vesle kyrkja*».

Den andre er «*Bibelappen for barn*», og det er Bibelgiganten Youversion i samarbeid med Onehope som står bak utviklinga av denne, og han er no komen på norsk.

Begge er gratis og kan lastas ned frå AppStore eller Google play. Som trusopplærar anbefaler eg gjerne desse applikasjonane!

Så vil eg også nemne ei lita bok som heiter «*Foreldreboka*». Denne boka er ei praktisk og jordnær bok om å dele tru på heimebane. Det er Jorunn Singstad Djupvik som er redaktør for boka, og boka kan kjøpast i nettbutikken til Bibelleseringen for kr 250.

Anne

SJØSIDEN
FRISØR
**Bente L.
Kristiansen Istad**
Mjosundet
Telefon 716 46 720

I næringslivets tjeneste i 50 år!



H. Aukan
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

**LETTVINT OG
GARANTERT BILLIG**



AURE - tlf 97 99 48 85

Alt i bygg og fritid

coop byggmix

AURE - tlf 97 99 48 85

Godt vi har hverandre



Foldfjorden, tlf 97 99 48 80



**En del av
Coop Orkla**

DIN LOKALE TUROPERATØR

Arrangør av bussturer innen- og utenlands
 - SPA-turer til Estland
 - Pensjonistturer
 - Skoleturer
 - Andre lag og foreninger
 - Agent for Hurtigruten



6690 AURE
71 64 66 56 – 917 10 394 www.aure-reiseservice.no

Bertelsen
begravelsesbyrå as

Døgnvakt tlf.:

72 45 25 37

**VIRKE
GRAVFERD**

Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



Model 369

Vi utfører også

- Oppussing og navnetilføyelser
- Vask/rengjøring av monument
- Omsliping av stein
- Opprettiging av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein
- Spylting av hustak og husvegger

Benkplater i stein

Spylting av hustak og husvegger

Kontakt:

Bertelsen Stein & Spylderservice
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510

BUNNPRIS

TUSTNA

Tlf: 71521108

Fax: 71521320

E-mail:



COOP
vikhals

Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

BUNNPRIS

Aure


09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



ÅPENT
ma-to 10-17
Fre 10-18
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

Flora Idé AS

– Jørjan Ulfnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjørsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net


Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67



BARNAS SIDE

Fargelegg! Jesus besøkte systrene Marta og Maria. Marta stressa og kava, men Maria sette seg ned og lytta til Jesus. Jesus sa: «Maria har valt den gode delen.»



Teikning:Trevor Keen

Kjell møtte Are som hadde ein apekatt på skuldra.
– Kor fekk du tak i han? spurde Kjell.
– Eg vann han på tivoli, svarte apekatten.

Vitsar

- Doktor, eg har sveglert ein kulepenn!
- Eg kjem med éin gong.
- Kva skal eg gjere i mellomtida?
- Bruk blyant.

Finn 5 feil

Teikning:Trevor Keen

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn vegen gjennom bikuben!

Kan du hjelpe bia å finne vegen gjennom bikuben?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00





Livets gang

Aure sokn

Døypte:

17.06: Hanne Karoline Årsund
 08.07: Vetle Blålid Todal
 12.08: Kaspian Jøsøy Fløttum
 12.08: Theodor Emilian Kristiansen
 23.09: Joar Glomstad-Enaasen

Vigde:

18.08: Jannicke Ormseth og Alf Ola Kjøl
 18.08: Unni Buvarp og Svein Snopstad

Døde:

22.06: Anna Birgitte Engdal f. 1935

Tustna kirke

Døde:

29.06: Ingunn Hannasvik f. 1960
 22.07: Grete Lovise Aunvik f. 1937

Stemshaug kyrkje

Døypte:

29.07: Tor Johan Goa

Vigde:

18.08: Mona Iren Goa og Andreas Evensen Goa

Døde:

22.06: Ingrid Marie Ødegaard f. 1929
 17.07: Aud Kristi Oddli f. 1927
 27.07: John Romundset f. 1931
 23.09: Ingeborg Skar f. 1928



Siren Lervik Stormyr døypt i Aure kyrkje
 15. april.

Eelfag

Nordvest Elektro A/S

6699 Kjørsvikbugen

Telefon 908 94 402

ØYVILT
 6694 Foldfjorden
 TLF: 915 75 803
Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
 481 57 263 / 915 75 803
 for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle
 anledninger
 - Dåp
 - Konfirmasjon
 - Minnesamvær
 - Bryllup
 - Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon
 av retter; koldtbord,
 tapas, snitter, varmretter
 og desserter.

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse: 6690 Aure
post@aurekyrkje.no

Sokneprest Aure:
 Per Eilert Orten: 908 94 398

Vikarprest:
 Magne Hoem: 917 26 236

Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

kyrkjegardsarbeidar, Aure

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener, Tustna

Roger Steen

468 62 240

Kirkegårdssarbeider, Tustna

Anders Hagen:

905 89 158

Kyrkjelydsarbeidar:

Karen Elsa Norheim

tlf 976 62 074

Sekretærar:

Marte Sofie Torsetnes

tlf 468 83 366

Ansvarleg for trusopplæringa

Vakant

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Toralf Bakken,

Einar Ørbog,

Ingrid Anne Skarset,

Hanne Marit Dyrnes

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no

www.orklagrafiske.no



Gudstenester

*Med etterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag*

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	TUSTNA
20. oktober	Høgmesse på Bjørnholmen Kl. 12.00 (Båtskyss 11.30)		
21. oktober			Høgmesse m. nattverd kl 11.00
28. oktober	Høgmesse m. nattverd kl 11.00		
4. november	Minnegudsteneste kl 19.00	Minnegudsteneste Kl. 16.00	Minnegudsteneste Kl. 11.00
11. november	Familiegudsteneste Kl. 11. Utdeling 4-årsbok		
18. november		Familiegudsteneste Kl. 11. Utdeling 4-årsbok	Familiegudsteneste Kl. 16. Utdeling 4-årsbok
2. desember	Familiegudsteneste Kl. 11.00	Familiegudsteneste Vihals grennahus Kl. 16.00.	
9. desember	Lysmesse kl 19.00		Lysmesse kl 16.00
16. desember		Familiegudsteneste Nordl. grennahus Kl. 16.	
24. desember	Familiegudsteneste Kl. 15.00		Familiegudsteneste Kl. 13.00



**Konfirmantar i
Stemshaug kyrkje
1968**

Returadresse:
Tustna, Aure og
Stemshaug
Menighetsblad
6690 Aure



50-årskonfirmantar Aure og Stemshaug

På bilde av 50-årskonfirmantene ser du i fremste rekke fra venstre: Asbjørg Bakk Hjelen, Sonie Karin Torset, Grete Engdal Aukan. 2.rekke fra venstre: Marit Vigum Kvammen, Berit Kalvik Tøsse, Liv Marie Helle, Berit Ormbostad Strømmen, Eva Kristin Engdal Daaland, Astrid Torset Aasmyr, Anna Skar Haugen, Oddbjørg Hjelen Røsand, Randi Gjerde Solli. 3.rekke fra venstre : Johannes Sundsby, Gisle Barlaup, Nils Engdal, Øyvind Espset. 4.rekke fra venstre: Oddbjørn Dromnes, Odd Inge Johannessen, Leif Aukan, Asbjørn Barlaup, Morten Arve Gjerde.



50-årskonfirmanter Tustna

Bak fra venstre: Jarle Brevik, Sissel Golmen, Fredhild Ødegård, Turid Verwaal, Sigrun Alsvik, Leif Johan Birkelund, Lorentz Aspvik, Wilhelm Amundsen, John Arnfinn Hestvik, Jarle Edvartsen
Foran fra venstre: Jorid Sandvik Skaret, Oddny Kvendbø, Helene Husby-Holø, Kari Anne Sagvik, Torild Espset.